

# Årsrapport 2008

bygdemobiliseringsprosjektet



## Godt mot, Todalen

# INNHALD

	side
<b>1.0 SAMANDRAG</b> .....	3
1.1 Vårsøgkonferansen.....	4
1.2 Bygdamøte.....	4
1.3 Samarbeid med Stgangvikfestivalen.....	5
1.4 Slektsstemnet.....	6
1.5 Nettverkssamling Tingvoll.....	7
1.6 Kommunestyret på bli-kjent-tur.....	7
1.7 Trivselsbygda.....	8
1.8 Lystlista.....	9
1.8.1 Bustader.....	9
1.8.2 Trivsel, samhold og møteplassar.....	9
1.8.3 Kurs, kunnskap og kompetanseheving.....	10
1.8.4 Studietur.....	10
1.8.5 Synleggjering og identitet.....	10
1.8.6 Todalen oppvekstsenter.....	11
1.8.7 Anna.....	11
1.9 Aktivitetskalenderen.....	12
<b>2.0 GJENNOMFØRING</b> .....	13
<b>3.0 MÅLOPPNÅING</b> .....	13
<b>4.0 REKNSKAP</b> .....	16
4.1 Budsjett.....	16
<b>5.0 ERFARING OG TIPS TIL ANDRE BYGDER</b> .....	18

## 1.0 SAMANDRAG



Styringsgruppa i prosjektet består av styret i Todalen bondelag og medlemmer av PT-utvalet i Todalen. Gruppa har hatt 10 møte i løpet av året. Mykje av 2008 har gått med til **planlegging, orientering til bygdefolket og å sette i gang dei ulike undergruppene i prosjektet**. Det har vore eit svært givande år, og vi ser at vi kan få til mykje positivt i bygda.

## 1.1

## VÅRSØGKONFERANSEN

I samband med Vårsøghelga i Surnadal deltok fleire av medlemmene i styringsgruppa på Vårsøgkonferansen. **Tema var: Tida arbeider for bygda.** "Bygda sett gjennom brillene til forskarar, journalistar, politikarar, næringslivsfolk og kulturaktørar." Ein lærerik konferanse, der vi og fekk høyra om korleis andre bygder arbeider med same problematikk som oss. Det er og viktig å møte ulike faggrupper som arbeider for bygdene.

## 1.2

## BYGDAMØTE



Foto: Eivind Ryste



13. mai arrangerte vi bygdemøte i eit nyopp-pussa ungdomshus, og rundt **70 engasjerte todalingar og andre interesserte utanbygds folk** møtte opp. Her vart det orientert om bygdemobilisering og om søknaden vår. I tillegg vart det presentert ulike aktivitetar som skjer i bygda og som er under planlegging t.d. :

- Svinviks arboretet
- Planer om utandørs badeanlegg i samband med utbygging av Råssåfoss kraftverk
- Nytt hyttefelt oppå bruna i Todalen
- Todalen oppvekstsenter, heildagsskulen, pilotprosjektet i kommunen
- «Inn på tunet»
- Talgø Invest sitt turistprosjekt Todalsparken
- Filming av barne-TV serie på Kårvatn i Todalen, synast på nrk hausten 2009
- Todalsøra med gjestebrygge, pub, overnatting og hyttefelt

I andre del av møtet leia Jan Fredrik Laskerud gruppearbeid på ein energisk og engasjerande måte med tema som **korleis ta vare på gode idear, utfordringar for bygda og "hva skal vi bruke penga til?"**.

## 1.3 SAMARBEID MED STANGVIKFESTIVALEN



Eit av årets kulturelle høgdepunkt i Todalen var konserten 24. juli i samarbeid med Stangvikfestivalen, som namnet seier høyrer heime i nabobygda Stangvik. I eit nyoppussa Ungdomshus var vi **vertskap for nærare 100 publikumarar** som trakk innomhus ein av dei finaste sommarkveldane i 2008 for å oppleva ein kammermusikkonsert av særdeles høg kvalitet.

På programmet sto Schubert sin berømte strykekvartett *Døden og piken*, innslag frå trekkspelvirtuos Jovan Pavlovic, kjente og mindre kjente viser av Cornelis Vreeswijk og folketonar frå Todalen. Og kven skulle tru at sjølvaste Anne Lise Berntsen og delar av Trondheim Solistane skulle opplevast live i Todalen? Og utrykkje «ikkje eit auge vart tørt» kunne ikkje passa betre nokon stad når det heile vart **avslutta med Todalsongen der Anne Lise Berntsen leda an allsongen!**

Det gjekk nesten fleire veker før dei som hadde vore på konsert landa, og nokon svever enda ... **Samtidssuppa vi serverte var også populær**, og inntekta av sal av mat og drikke gjorde at vi gikk i null i forhold til å betale leie og innleigd hjelp. Vi vonar dette var starten på ein tradisjon der Stangvikfestivalen legg ein av konsertane til Todalen. (Les meir om Stangvikfestivalen på [www.stangvikfestivalen.no](http://www.stangvikfestivalen.no))

Det viktigaste arrangementet vårt i 2008 var slektsstemnet som vart gjennomført 1. – 3. august. Dette var det største arrangementet i samband med **100-årsjubileet til Todalen Idrottslag.**

Myta seier at alle todalingar er i slekt og denne helga var alle som enten genetisk eller følelsesmessig reknar seg som todalingar invitert.

**Styringsgruppa for Godt mot hadde jobben som mottakingskomite.** Både fredag og laurdag var ulike attraksjonar rundt om i bygda opne for besøk.



Brødrene Martin og Henrik var med å tok i mot utflytta todalingar og andre som har tilknytning til bygda.

Vi kan nemne:

- Svinviks arboret
- Todalen oppvekstsenter med filmar og utstillingar frå skulen før i tida
- Halsesamlinga
- Nytt oksefjøs i Pestua
- Baking i steinovn i Steinarstua
- Feleutstilling på Haugabu
- Pratekafe oppi Ungdomshuset med utstillingar
- Kårvatn med sportsbutikk på låven og utstilling på stabburet
- Gammelfabrikken med planar om Todalsparken
- Rossåa settefisk-anlegg

Fredag var det vassportaktivitetar, og pubkveld på Todalsøra brygge. Med vergudane på vår side, vart det ein uforgløyemeleg kveld for ca 250 stk. På **hovudarrangementet laurdag kveld var det nesten 700 deltakarar.** Slektsstemnet vart avslutta med gudsteneste og open gard søndag.



Slektsstemnestanden var ein populær møtestad og vi fekk **mange attendemeldingar med fornøgd gjestar.** Servering av kaffe og heimlaga solbærterte vart godt motteke! Det var og mange rørende augneblick, slik som då utflytta Leif

treffte Ingvar etter over 50år!

På [www.todalenil.net](http://www.todalenil.net) sine sider for august 2008 kan ein lesa omtale av slektsstemnet. På desse sidene kan du og sjå alle dei andre arrangementa i jubileumsåret for Todalen Idrottslag.

Sjå program for slektsstemnet:

<http://www.todalenil.net/wp-content/uploads/2008/07/programslektsstemne2008.pdf>

Jubileumspostens "slektsstemne spesial":

[http://www.todalenil.net/wp-content/uploads/2008/07/jubileumsavis2008\\_nr\\_5.pdf](http://www.todalenil.net/wp-content/uploads/2008/07/jubileumsavis2008_nr_5.pdf)

## 1.5 NETTVERSSAMLING TINGVOLL

Vi deltok på nettverkssamlinga på Tingvoll 3. og 4. oktober. For å få puslespelet i hop blei det til at Olaug deltok fredagen og Ragna og Guro laurdagen. Programmet var variert og bra, og **særs inspirerende var det å høyre og sjå kva andre har gjort før**. Vi blei også imponerte og ikkje så reint lite misnelege på kva Tingvoll kommune gjer for å hjelpe prosjekta og halde dei i gang. Spanande å bli kjent med ein "nabo" på den måten!

Guro heldt eit innlegg om korleis vi skal få fleire folk til bygda, og få dei til å bli buande. Dette ga tydeleg folk noko å tenkje på, for det var mange som kom og prata med henne etter innlegget, i tillegg til at det sette i gang ein fin diskusjon om kven som var ønska attende til bygda. **Det var verkeleg stas å få markert seg på denne måten blant alle dei andre dyktige mobiliserane!** Her møtte vi også representantar frå Gjøra, dei vonar vi at vi får til eit samarbeid med i 2009. For oss var dette eit viktig møte med dei andre og ga verkeleg inspirasjon vidare.

## 1.6 KOMMUNESTYRET PÅ BLI-KJENT-TUR

Den 14. oktober var det "nye" kommunestyret i Surnadal på «bli-kjendt-tur» i dei ulike bygdene i kommunen. Her fekk dei orientering om kva som skjer og kva utfordringar dei ulike stadane har. I Todalen fekk vi saman med Talgø Invest AS og Todalsparken taletid. Guro heldt innlegg der ho orienterte om prosjektet og vidare noko av det som var tema for innlegget på Tingvoll. Særleg la ho vekt på det **å flytte heim og kva ein skal legge vekt på for å skape gode boforhold for alle**, og for dei som allereie bur her.

Dei fleste hadde ikkje høyrte om prosjektet og **var positiv overraska over tankearbeidet vi hadde lagt ned så langt**. Det var utrolig viktig og bra at vi fekk markert oss på denne måten. Tilbakemeldingane var også gode.

## 1.7

## TRIVESLSBYGDA

Den 24. – 26. oktober var det TrivselTangentSamling på Soria Moria, Oslo. Prosjektet TrivselsBygda er et samarbeidsprosjekt mellom Norges Bygdeungdomslag, Norges Bygdekvinnelag og 4H Norge. Saman sett dei fokus på **korleis organisasjonane kan jobbe enda betre for å skape og ivareta trivelege, levande og aktive bygder**. Til det har ein TrivselsTagentar spredt utover heile landet.

Tilfeldigheiter gjorde at leiaren for dette prosjektet Marit Olave Riis-Johansen tok kontakt med Guro etter å ha lese om Godt Mot prosjektet på hoppid.no etter nettverkssamlinga på Tingvoll og spurte om ho kunne halde same innlegget på denne samlinga?



Sitat frå heimesidene til trivselsbygda:

*«Guro Redalen (til venstre) skulle presentere Godt Mot, Todalen! på TrivselTangentsamling, men vart i tillegg adoptert av TrivselsBygda, og vart med oss på heile samlinga. **Hennar presentasjon av Godt mot, Todalen var inspirerende for mange**»*

Så slik gikk det til at det vart **orientert om Godt Mot Todalen til representantar frå heile Noreg og ikkje berre Møre og Romsdal fylke**. Det var særdeles inspirerende å sjå korleis desse organisasjonane jobbar rundt dette tema. Og da særleg sidan dette gjerne er ungdom som enda ikkje har flytta. Mange gode innslag sto på programmet denne helga og gode diskusjonar vart det både i plenum og i gangane. Det finns ei eiga 4H-oppgåve om temaet og vi har utfordra 4H-klubben i Todalen til velje den oppgåva. (Meir om trivselsbygda kan du lese på [www.trivselsbygda.no](http://www.trivselsbygda.no))



Ut i frå innspel vi fekk på bygdamøtet, sette vi opp ei liste over aktuelle tema å arbeide vidare med. Vi sende ut ei "lystliste" i posten til alle husstandar, der **alle som hadde lyst til å vera med å bidra til bygdemobilisering**, kunne melde seg på dei ulike gruppene. Sist på november arrangert vi eit samlingsmøte for alle som hadde meld seg på ei av gruppene, eller som ville vite meir.

Desse gruppene er:

- Bustader og tomter
- Trivsel/samhald/møteplassar
- Synleggjering og identitet
- Kurs, kunnskap og kompetanseheving
- Studietur
- Todalen oppvekstsenter
- Anna

Dei fleste gruppene har kome i gang og i februar 2009 skal det vera eit nytt bygdemøte med mange innspel, orienteringa og informasjon:

Dei ulike lystistene orienderer om ståda. Status for dei ulike gruppene per 31/12-08:

### 1.8.1 Bustader



Bustadgruppa har hatt fleire møter med både aktuelle samarbeidpartar i bygda og med administrasjonen på kommune.

Behovet for både bustader ein kan leige og attraktive tomter er stor. Gruppa skal ha møte med ordføraren samt fremja ei sak til politikaren, der ein kjem med konkretet forslag til løysing.

### 1.8.2. Trivsel/samhald/møteplassar



Gruppa har hatt to møter og har kome med mange forslag til treffpunkt som vil styrkje samahaldet i bygda.

Det gamle skulen står på området til Todalen oppvekstsenter og den austre delen vert i dag nytta til syning av forfattaren og todalingen Leif



Halse som skapte blant anna Vangsgutane. Husværet mot vest står tom, og gruppa kom med mange forslag til bruk:

- Fritidsklubb for unge i alle aldrar
- Kafe nokre gonger i veka
- Møterom til ulike lag og organisasjonar som td søndagsskulen, 4H-klubben Start, ,
- Søndagsskule
- 4H-klubben Star

Kommunen står som eigar av dette huset som er registret i SEFRAK (sekreteriat for register av faste kulturminner i Norge) og er frå midten av 1800-tallet. Gammelskulen inneheld mykje historie, som og kan visast ved ei allsidig bruk. Vi har vore i kontakt med kommuneadministrasjonen og vi vil skissera ei løysing for korleis vi ser for oss å nytte huset.

### 1.8.3 Kurs, kunnskap og kompetanseheving

Gruppa er i gang med å planlegge ulike kurs for bygdefolket. Det første kurset blir fotokurs med oppstart på februar. Andre kurs som er under planlegging er m.a. kokkekurs for menn, turistvertkurs og motorsagkurs.

### 1.8.4 Studietur



Studieturgruppa har fem medlemmer og har hatt to møte. På møta har gruppa arbeidd med å lage forslag til ulike turar.

I tillegg til turen til Sveits, som er omtala i prosjektsøknaden, har vi forslag på bygder i Norge som kan vera aktuelle å besøkje. Forslaga vil bli lagt fram på neste bygdemøte.

Sitat frå eit av møtet:

**«det kan no vera godt å sjå andre fjell og!»**

### 1.8.5 Synleggjering og identitet

Denne gruppa skal jobbe bl.a. med å få **ei nettside oppe og gå**. Om litt er denne sida aktiv og skal presenteras på neste bygdemøte. Vidare skal vi sjå på det med å markedsføre oss på best mogleg vis i media.

### 1.8.6 Todalen oppvekstsenter



Hausten 2008 starta oppvekstsenteret opp med heildagsskule, der elevane to dagar i veka har to timar midt på dagen med **ulike fysiske aktivitetar og kulturelle innslag**.

Som ein del av mobilieringa har vi vore med å hatt undervisning i desse timane. Her frå ein time om daglegdagse kulturminner med briller frå 50-tallet og opp til i dag. (Kulturminneåret 2009)

### 1.8.7 Anna



Mai over, juli under



Gruppa skal arbeide med ting som ikkje høyrer inn under dei andre gruppene. Planlegginga av aktivitetar er i gang.

- Første oppdrag for gruppa var å vera **nissar på julegranstenninga** ved butikken
- Til våren er det planlagt **rydding av lauvskog** langs elva, for å gjera området meir tilgjengeleg
- **Webkamera på «hønhalsen»**, som er ei snøfonn oppi Blåfjellet med form som ei høne. Kvart år følger alle i bygda spendt med når hønhalsen smeltar og går av, for då er det lov å bada!

## 1.9

## AKTIVITETSKALENDER FOR 2008

Dato	Møte/arrangement	Tema
18.02	Møte styringsgruppa	Konstituering
03.03	Møte styringsgruppa	Planlegge underkomitear, bygdemøte
03.04	Møte styringsgruppa	Planlegge møte med fylket og kommunen + bygdemøte
16.04	Møte mellom styringsgruppa og fylket, kommunen, surnadal utvikling	Orienteringsmøte
05.05	Møte styringsgruppa	Planlegging av bygdemøte
09.05	Vårsøgkonferansen	Tida arbeider for bygda
13.05	Bygdemøte	Presentasjon av prosjektet og andre ting som skjer i bygda, idemyldring
15.05	Møte styringsgruppa	Planlegging av "lystliste"
24.06	Møte styringsgruppa	Slektsstemne, lystliste, stangvikfestivalen
24.07	Stangvikfestivalen	Konsert i Todalen ungdomshus
01.-03.08	Slektsstemne	Slektsstemne for fastbuande og utflytta todalingar
13.08	Møte styringsgruppa	Ny utsending av lystlista
03.-04.10	Nettverkssamling, Tingvoll	Nettverkssamling for bygdemobiliseringsprosjekt
14.10	Innlegg for kommunestyre	Presentasjon av Godt Mot
15.10	Møte styringsgruppa	Organisering av grupper, planlegging av nytt bygdemøte
24.-26.10	Trivselsbygda	Deltaking med innlegg på landssamling for TrivselsTagentar
10.11	Møte styringsgruppa	Planlegge oppstartmøte for gruppene og diskutere søknad til reiselivsprogrammet
18.11	Møte styringsgruppa	Planlegge oppstartmøte
24.11	Oppstartmøte	Samling for alle som har meldt seg på ei av gruppene i prosjektet og dei som vil vite meir

## 2. GJENNOMFØRING

Det meste som var planlagt i 2008 vart gjennomført. Den planlagte turen til Sveits første året i prosjektet, er utsett til i år og studieturgruppa arbeider som nemt med saka. Eit møte med "blilyst" var planlagt før jul, men skal no istaden koma på neste fellesmøte med byda i februar.

## 3. MÅLOPPNÅING

Vi har nådd dei fleste måla våre for 2008. Det viste seg å ta litt lengre tid å komme i gang enn vi rekna med, og mykje av året gjekk med til planlegging og organisering. Vi håpar difor at vi får sjå meir konkrete resultat i dei to neste åra av prosjektet.

I 2008 feira Todalen Idrottslag 100 år med arrangement gjennom heile året. Slektstemnet var eitt av jubileumsarrangementa og det viktigaste målet vårt i 2008. Her fekk vi vist fram kva bygda har å by på både for fastbuande og utflytta todalingar. Og ikkje minst viktig er det at vi fekk tak i namn og adresse til dei fleste utflytta todalingane. Jubileumsåret tok mykje tid for bygdefolket og har nok lagt ein viss dempar på aktiviteten til prosjektet vårt, men det må vel reknast som bygdemobilisering av beste sort når det har vore 18 store jubileumsarrangement gjennomført på dugnad i løpet av eit år.

Vi føler vi er godt i gang med å mobilisere folk i bygda og håpar å få med oss enda fleire dette året. Samstundes har vi fått markedsført oss både lokalt, regionalt og nasjonalt. **Det har vore eit givaned år og vi ser fram til dei mange utfordringane og opplevingane som ligg føre oss.**

BUDSJETT				
Første året				
	Dugnad timar	Sum dugnad 200 kr/time	Dugnad I 2008	Sum dugnad 200 kr/time
Legge fram planer/prosjekt for alle i bygda.	80	16 000	245	49 000
Presentasjon av arkitektkonkurransen "boalternativ på landsbygda" (kjem til bygda til våren).	40	8 000		
Gjennomgansbustadar	40	8 000	40	8 000
Kursing i bygdeutvikling, identitetsbygging og kompetanseheving	200	40 000	42	8 400
Heidundrande samling for alle som har gått på Todalen skule. (allereie under planlegging)	3 000	600 000	3 150 800	630 000 160 000
Studietur til Sveits (startbluss!)	900	180 000	12	2 400
<b>sum</b>	<b>4 260</b>	<b>852 000</b>	<b>4 387</b>	<b>857 800</b>

#### 4.0 REKNESKAP

Rekneskapen viser at vi dette året har brukt kr 43 653,-

Det har vore arbeidd 4387 dugnadstimar til ein verdi av kr 85 780,-



REGNSKAP GODT MOT, TODALEN! 08/09

Bilag	Tekst	Bankkonto	Bankkonto	Møter o.l	Møter o.l	Gebyr/renter	Gebyr/renter	Regninger	Regninger	Diverse	Diverse
XXX	XXXXXXXXXXXXXXX	Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit	Debet	Kredit
1	I.B pr. 17.07.08	100000									
2	Regning til Tod. B.L		1045					1045			
3	Honorar		3188	3188							
4	Mat		1400					1400			
5	Støtte Slegtstenme		35000							35000	
6	Kontoutsk. m/gebyr		8			8					
7	Leie møtelokale		1600	1600							
8	Kontoutsk. m/gebyr		2			2					
9	Leie møtelokale		300	300							
10	Kontoutsk. m/gebyr		2			2					
11	Matvarer		104,5					104,5			
12	Kontoutsk. m/gebyr		2			2					
13	Årsoppg. m/renter	497,86					497,86				
14	Servering møte		1500	1500							
SUM		100497,86	44151,5	6588	0	14	497,86	2549,5	0	35000	0



XXXXXXXXXXXXXXXXXXXX	Debet	Kredit
I.B pr 17.07.08		100000
Bankkonto	100497,86	44151,5
Møter o.l	6588	0
Gebyr	14	497,86
Regninger	2549,5	0
Diverse	35000	0
SUM	144649,36	144649,36

Bankkonto	100497,86	44151,5
<b>Balance</b>		<b>56346,36</b>
<b>SUM</b>	100497,86	100497,86

Inn på konto pr. 24.1.09 **56346,36**

Resultat **-43653,64**

## **5.0 Erfaring, tips til andre bygder**

Etter at vi er ferdig med det første året ser vi at det hadde vore nyttig med eit prosjektleiarkurs før prosjektet starta.

Nettverkssamling er og nyttig, og vi meiner at denne bør vera litt etter at prosjektet har starta.

Vi ser og at det er viktig å nå ut til målgruppene vi skal arbeida med på mange kanalar, som flygebland til alle husstandar, plakatar, direkte kontakt med personar samt facebook og sms.